




# Havlandgenser

Structure Edition - Herre

Diagram:



- = Rett
- = Vrang
- = Poppy

**Poppy strikkast slik:** Strikk dei neste 3 maskene rett saman utan å sleppe dei av venstre pinne, lag eit kast om pinnen og strikk dei same 3 maskane rett saman igjen slik at du får 3 nye masker.



- Overvidde:** 125 cm - 133 cm - 142 cm - 151 cm
- Garneksempel:** HS Peruvian eller HS Soft Sock saman med HS Silk Mohair
- Garnmengde:** 900 g - 900 g - 1000 g - 1100 g Peruvian eller 500 g SS + 250 g SM - 500 g SS + 250 g SM - 600 g SS + 300 g SM - 600 g SS + 300 g SM
- Pinne:** 5 og 5,5
- Strikkefastheit:** 18/10 Ved Soft Sock og Silk Mohair skal det strikkast ganske laust!

Denne genseren er strikka nedanfrå og opp med raglanfellingar og forkorta rader i nakken. Den har eit stort mønsterdiagram. For at diagrammet skal gå opp har eg berre 4 overvidder. Overvidden er den omkretsen genseren blir om du strikker med rett strikkesfastheit. Du må justere lengde på bol og ermer til å passe. Finn gjerne ein genser å måle på. Vil du ha mindre overvidde, sjekk barne- eller damestørrelsane.

## Oppskrift:

Legg opp 224 - 240 - 256 - 272 m på pinne 5 med italiensk opplegg.

Sett 1 MM (maskemarkør) i starten av omg. og etter 112 - 120 - 128 - 136 m, og strikk vrangbord 1 vridd r og 1 vr i 7 cm.

Skift til pinne 5,5 og strikk mønster etter diagrammet til arbeidet måler 40 - 45 - 45 - 50 cm (eller ønska lengde!) **Når poppy kjem i midt i sidene, fjern MM, stikk poppy og sett MM tilbake på plass.**

Fell 6 m i kvar side (dvs. 3 m på kvar side av MM) = 212 - 228 - 244 - 260 m

Legg arbeidet til side og strikk ermane:

## Ermer:

Legg opp 52 - 52 - 56 - 60 m på pinne 5 med italiensk opplegg. Sett 1 MM i starten av omg. og strikk vrangbord 1 vridd r og 1 vr i 7 cm.

Skift til pinne 5,5 og strikk mønster etter diagrammet.

**NB! Sentrer mønsteret til midt oppå ermet; start på maske 7 - 7 - 5 - 3. På innsida av ermet vil ikkje mønsteret gå i hop.**

Auk 1 m på kvar side av MM kvar 3 cm til du har 64 - 72 - 80 - 80 m

Strikk vidare til ermet måler 44 - 46 - 48 - 50 cm (eller ønska lengde!)

Pass på at du er på same stad i mønsterdiagrammet som på bolen før du feller 6 m midt under ermet = 58 - 66 - 74 - 74 m

## Raglan:

Sett ermer og bol på same pinne = 328 - 360 - 392 - 408 m

No skal du fortsette det etablerte mønsteret på bolen for seg, og ermane for seg. Om bolen og ermane er på forskjellig plass i mønsterappen går det fint, for det er avgrensa med raglanmaske i botnfargen.

Sett 4 MM i overgangen mellom ermer og bol.

**Omg 1 og 9, 2 og 10, 3 og 11 osv er like omg. Når du skal sette alt sammen på 1 pinne er det viktig at bol og ermer er på samme omg. I overgangen mellom bol og erme er det ikkje så nøye at det stemmer for der blir det raglanfellingar og avgrensa med ein raglanmaske.**

## Raglanoppsett:

Du skal ha **1 raglanmaske** som alltid strikkast rett. Så feller du 2 masker fra ermet **mot** den rette masken og 2 masker fra bolen **mot** den rette masken. Stram godt, spesielt når du begynner å felle på kvar omg.

Fell ved kvar raglanmarkør **annakvar** omg slik:

Start på bakstykket ved høgre erme.

- Strikk 1 m = **raglanmaske Denne skal alltid strikkast rett.**
- fell mot høgre (mot raglanmasken) (2 rett saman)
- strikk mønster over ryggen til det står igjen 3 m før markør, fell mot venstre (mot neste raglanmaske) (løft, løft, strikk)
- 1 raglanmaske
- flytt markør, fell mot høgre (mot raglanmasken)
- strikk mønster på venstre erme til det står igjen 2 m før markør
- fell mot venstre, flytt markør
- strikk 1 raglanmaske, fell mot høgre
- strikk mønster over framstykket til det står igjen 3 m før markør, fell mot venstre
- 1 raglanmaske, flytt markør
- fell mot høgre
- strikk mønster over høgre erme til 2 m før markør, fell mot venstre.



Stram godt ved kvar felling. **NB! Mønsteret vil ikkje gå i hop ved overgang mellom erme og bol.**

Strikk neste omg. utan felling.

Fell slik totalt 23 - 26 - 30 - 32 ggr = 160 - 168 - 176 - 176 m. Fell **kvar** omg. 7 ggr = 88 - 96 - 96 - 96 m.

## Forkorta rader i nakken:

No skal du strikke mønster på vranga. Pass derfor på at du startar på ein omg. slik at poppyane kjem på retta. Syns du det er vanskelig å strikke mønster på vranga, så berre strikk glattstrikk akkurat ved vendingane.

Sett ein MM midt framme. Strikk i hht mønster til 5 m før MM, snu, lag vendemaske (VM) og strikk i hht mønster til 5 m før mm, snu, lag VM, strikk i hht mønster til 5 m før forrige VM, snu, lag VM, strikk i hht mønster til 5 masker før forrige VM.

Fortsett slik til du har 5 VM på kvar side av maskemarkøren. Strikk ein omg rett. Strikk alle VM rett når du kjem til dei.

Søk opp vendemasker, forkorta rader eller German Short Rows på Youtube dersom du treng hjelp.

## Halskant:

Skift til pinne 5 og strikk hals slik:

**Enkel hals:** Strikk 1 vridd r og 1 vr i 8 cm og fell av med italiensk avfelling.

**Høg hals:** Strikk 1 vridd r og 1 vridd vr i 20 cm. Fell av med italiensk avfelling og brett ned.

**Nedsydd hals:** Strikk 1 vridd r og 1 vr i 20 cm. Fell av med heklekrok samstundes som du hekler halsen fast på innsida.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk og #havlandgenser om du vil. Lykke til!

Elisabeth